



Til medlemmene i SU/SMU, FAU, elevrådet, verneombod og tillitsvald

Innspel til trafikksikringsplan

17.12.15 vart det send mail om innspel til rullering av Lindås kommune sin trafikksikringsplan der de alle vert inviterte til å kome med innspel til element i planen. Dette er viktig arbeid som har mykje med tryggleiken til elevane våre, foreldra og personalet på skulen å seie. Det er derfor viktig at råda uttaler seg om dette. Eg viser til linken nedanfor for meir informasjon.

Dessverre kolliderte dette med at eg var sjukmeld. Eg vart ikkje merksam på fristen (31.01.16) før eg las om den i Avisa Nordhordland 20.01.

Frå skulen si side skal det nemnast at desse vegstrekingane er farlege:

- Vegen frå Ostereidet senter til skulen - særleg Lindstallen.
- Strandavegen
- Fyllingsnes- / Eidsnes- / Eknesvegen

Skulen ser det slik at vegen frå Ostereidet senter til skulen er den desidert mest trafikkfarlege.

Eg sender denne til dykk på mail slik at vi samla kan freiste å få til ei uttale. Ver derfor snill å svare og meg på mailen så skal eg summere opp og sende inn i tide.

Ostereidet, 21.01.16

Med venleg helsing

Arne Riisnes, rektor

Einingsleiar for skule skreiv dette 17.12.15:

Hei alle,

Kommunen har starta arbeid med å revidera «Kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022» I samband med det ønskjer ein innspel til handlingsplanen som er eit kapittel i planen. Frist for å sende innspel er 31.1.16.

Eg bed om at de informerer og legg til rette for at råd og utval kan gje innspel om trafikkfarlege stader dei er opptekne av. Eg bed også om at de på skulen si heimeside legg link til informasjonen om [«innspel til plan om trafikksikring»](#) på heimesida til Kommunen

